

LexicoNordica

Titel:	Nordnorsk ordbok, den største i sitt slag	
Forfatter:	Tor Erik Jenstad	
Kilde:	LexicoNordica 31, 2024, s. 229-238	
URL:	https://tidsskrift.dk/lexn/issue/archive	

© 2024 LexicoNordica og forfatterne

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Nordnorsk ordbok, den største i sitt slag

Tor Erik Jenstad

Ove Arild Orvik: *Nordnorsk ordbok. Arven etter Hallfrid Christiansen*. Harstad: Utenfor Allfarvei Forlag 2023. 472 s. 449 kr.

1. Regionale ordbøker i Norge

Med utgjevinga av *Nordnorsk ordbok. Arven etter Hallfrid Christiansen* (heretter *Nordnorsk ordbok*) føyer Ove Arild Orvik seg inn i ein nokså tynn norsk tradisjon med det ein noko upresist kan kalle regionale ordbøker. Med dette meiner eg ordbøker som dekker ordforrådet i eit større eller mindre dialektområde ut over den einskilde bygda eller byen, oftast med vekt på det mest typiske eller særmerkte for området (og altså ikkje regionalt standard-talemål). Vi har ein rik og stadig aukande flora av større ordbøker og mindre ordsamlingar for einskilde bygde- eller bymål, men på regionnivået har ikkje aktiviteten vore særleg stor. Eit tidleg døme er *Ordbog over bygdemaalene i Søndhordland* (Vidsteen 1900), og ein må vel kunne tillata seg å nemne *Trønderordboka* (Dalen & Jenstad 1997 og 2002). For Nord-Noreg sin del har vi eit utplukk i *1000 ord i nord* (Ellingsve 2012), og først og fremst eit viktig bidrag i *Håløygsk ordsamling* (Hveding 1968). Med sine 472 sider, der sjølve ordsamlinga utgjer det aller meste, er nok *Nordnorsk ordbok* den største ordboka av dette slaget i Noreg. Med «nordnorsk» er både her og i boka meint dei tre nordlegaste norske fylka (Nordland, Troms og Finnmark), både administrativt og som dialektområde.

Mindre kjent er det kanskje at dialektforskaren Hallfrid Christiansen (1886–1964) hadde planar om ei nordnorsk ordbok og etterlet seg eit stort materiale til dette. Christiansen er vel mest

kjent for doktoravhandlinga om Gimsøy-målet (Christiansen 1933) og for oversynsverket *Norske dialekter* (Christiansen 1946–48).

Christiansen registrerte mykje ordtilfang på samlarferdene sine om sommaren i perioden 1945–1962. Setlane vart overlatne til Universitetet i Oslo, og seinare er dei flytta til Språksamlingane ved Universitetet i Bergen. Ein kopi av det meste av tilfanget finst også ved NTNU Dragvoll (ein del av Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim). Orvik har brukt dette tilfanget, og supplert med materiale frå Nord-Troms og ikkje minst Finnmark, dit Christiansen aldri kom. Tilleggstilfanget er oftast henta frå arkivet til *Norsk Ordbok*. I eit intervju i avisa Norsk Tidend i 2024 kjem det fram at Orvik også har kontrollert opplysningane mot enkeltpersonar og historielag i heile landsdelen (Knudsen 2024).

For ei stutt og grei innføring i Hallfrid Christiansens liv og virke sjå til dømes Karlsen (2011). Vil ein ha ei meir omfattande utgreiing, kan ein gå til Karlsen (1997).

2. Tilfanget etter Hallfrid Christiansen

I setelarkivet til Norsk Ordbok er setlane til Hallfrid Christiansen merkte med medarbeidarnummeret hennar, 622, som kan søkjast opp i Universitetet i Bergen sine samlingsdatabasar (UiB samlingar). Dette gjev 16 369 tilslag og omfattar oppskrifter frå ulike stader i Nord-Noreg, særleg Gimsøy. Ho har også gått gjennom ein del samlingar som andre har stått for. Dessutan er det ekserpt frå forfattarar som i stor grad nyttar nordnorsk ordtilfang, som Regine Normann, Lars Berg, Sigurd Sivertsen og Einar K. Aas / Peter Weszel Zapffe. Ei eldre samling frå E.G. Schytte (Schytte 1807) er også grundig ekserpert av Christiansen og inngår i talgrunnlaget her. Viktig å merke seg er også at fleire av delsamlingane til Christiansen har eigne medarbeidarnummer i setelbasen til *Norsk Ordbok*. Til dømes er nr. 2170 Christiansen-setlar frå Lødingen, nr. 2174

frå Vega og nr. 2300 frå Tromsøysund. Dette er altså medarbeidar-nummer, og seier ingenting om talet på setlar. Men det blir i alle fall ein god del fleire setlar enn det ein finn under medarbeidar-nummer 622. Uansett står Christiansen med dette fram som ein av dei største og viktigaste bidragsytarane til *Norsk Ordbok* sitt redigeringsgrunnlag. Ein vil rekne med høg kvalitet på oppskriftene til ein så framstående og dyktig granskar, spesielt i uttaleopplysningane. Sjølv sagt finst mange av orda også utanom Nord-Noreg. Somme kan vera heilt allmennorske, men det er også mange døme på ord som er nokså lokalt avgrensa.

3. Kort om forfattaren/redaktøren

Ove Arild Orvik er fødd i 1952 og oppvaksen på Otrøya i Romsdal, i tidlegare Midsund, no Molde kommune. Han har arbeidd som norsklektor i den vidaregåande skulen, men har gjeve ut fleire mindre ordsamlingar, både frå sitt opphavlege heimeområde på Romsdalskysten (Orvik 1989a og 1989b, Orvik 2006) og seinare frå Nord-Noreg, der yrkeslivet førte han til Sortland i Vesterålen (Orvik 1997, Orvik 2003). Han har vore særleg oppteken av ord og nemningar knytt til kystkultur og laga i 2017 heftet *Kystspråk*, der han jamfører kystrelaterte ord frå Aust-Island, Vesterålen og Romsdal (Orvik 2017). Det er såleis ein røynd populærvitenskapleg leksikograf vi har å gjera med. *Nordnorsk ordbok* er hans mest omfattande prosjekt hittil, og med ein stad mellom 6000 og 7000 oppslagsord er dette også den største nordnorske ordsamlinga som er utgjeven. Dette rettferdiggjjer bruken av «ordbok» i tittelen.

4. Presentasjon av boka

Boka tek til med eit forord der det er gjort greie for arbeidet, følgt av eit kort kapittel om Hallfrid Christiansen. Deretter får vi ei tri-


veleg skildring av ein dag i Hallfrid Christiansens samlarliv, slik han kunne ha arta seg på Meyergården på Mo i Rana i juli 1949. Ei stutt skisse over hovuddrag i nordnorske dialektar har det også vorte plass til, før innleiingsdelen blir avslutta med ei orientering om korleis ordlista er ordna, ei forklaring av notasjonen/lydskrifta og ei liste over forkortingar (som med fordel kunne vore ordna alfabetisk). Hovuddelen er ei alfabetisk ordliste frå s. 23 til s. 463. Heilt til slutt kjem ei litteraturliste, ei takkeliste til folk som har hjelpt til, og ein stutt biografi over forfattaren.

Oppbygginga av dei enkelte artiklane er det gjort greie for i innleiingsdelen s. 16. Oppslagsordet, som er på normert nynorsk, står med utheva skrift, følgt av ein klammerparentes med uttalen i ei modifisert Norvegia-lydskrift, og deretter opplysning om ordklasse. Artikkeltroppen inneheld ein eller fleire definisjonar, følgt av heimfesting. Denne er ofte til einskildkommunar, men kan også vera til større område, som Lofoten. Når ordet etter Orvik si vurdering er funne tilstrekkeleg vidt spreidd, får det merkinga «Vanleg». Det er ikkje sagt noko eksplisitt om kva kriterium som er brukt for dette. Bruksdøma står i kursiv, og som regel er dette slike som Christiansen har notert, men omsett til redaksjonsmålet nynorsk. Av og til er det også med sitat frå ei av dei skriftlege kjeldene som Christiansen sjølv har ekserpert frå og truleg har rekna som illustrerande for nordnorsk ordbruk (jf. del 2). Døma ser elles ut til å vera ført samla etter alle tydingane, og ikkje fordelt under kvar tyding, såleis til dømes i artikkelen *all*. Innimellom er det tilvisingar mellom (nær)synonym, til dømes frå *finntukt* til *hundtukt* (men ikkje andre vegen i dette tilfellet). Med to spalter på kvar side, høveleg store skrifttypar og tilstrekkeleg «luft» mellom oppslaga er denne delen lett og god å lesa, akkurat som resten av boka.

Vi kan ta med eit relativt enkelt døme som viser vegen frå Christiansen si oppskrift til *Nordnorsk ordbok*, artikkelen *arging*, m. Den ser slik ut (Norvegia-teikn for velar nasal er ikkje med her):

Arging [ar'geng] m sint person, menneske som er lett å terge (Tromsøysund): *Pass dæ førr den argengen!*

Om vi jamfører med setelen (jf. figur 1 nedanfor), ser vi at Christiansen har ordet frå Tromsøysund, innsendt av ein av informantane hennar («skr.opp.»). Definisjonen er formulert noko om. Blant anna er «mann» bytt ut med «person». Dessutan ser vi at Orvik har lagt til eit døme på bruken.



Figur 1: Setel oppskreven av Hallfrid Christiansen for substantivet *arging* i setelarkivet til *Norsk Ordbok*.

5. Nokre kritiske merknader

Vurderinga her er først og fremst basert på ein snøgg gjennomgang av bokstaven *a*, som er det same strekket som meldaren no er i ferd med å redigere for eit prosjekt der ein er i gang med å revidere *Norsk Ordbok* frå A til H. Elles er det gjort meir tilfeldige nedslag rundt ikring i boka. *Nordnorsk ordbok* har i alt 230 oppslag på *a*-. På Christiansens medarbeidarnummer 622 i setelarkivet til *Norsk Ordbok* får ein tilslag på 489 setlar i det same alfabetstrekket. Sjølv sagt kan det vera mange setlar på same oppslagsord. Til dømes er det 25 setlar på *auga*, n. På andre sida kjem alt tilfanget som har andre medarbeidarnummer i *Norsk Ordbok*,

som nemnt ovanfor, og som gjer at det totale talet på aktuelle ord aukar.

Det er altså gjort eit utval, utan at eg kan sjå at dette er gjort eksplisitt greie for nokon stad i boka. Med det omfanget det er lagt opp til, gjev det seg sjølv at ein ikkje kan ta med slikt som uttalevariantar av allmenne ord som *absolutt* (to setlar hos Christiansen på nummer 622). Derimot kunne eg godt ha tenkt meg at til dømes *ammunisjon* hadde fått ei innførsle, ut frå uttalen «ammusjon». Men dette er vanskelege avvegingar. Døme på ord Christiansen har registrert, og som eg synest burde vore med, er *ardjarnl/-jern* 'skjer på plogtypen ard', innbyggjarnemninga *alstværing* 'person frå øya Alsta' og sjeldne, men interessante ord som adjektivet *aur-dikut* 'fullt av myrhol med aur (grus)' og verbet *avkjølmast* 'bli forfrosen (så ein ikkje greier å gjera noko)'. I artikkelen *ambodty* '(liten) bruksgjenstand' burde det vore opplyst om uttalen «handbody».

Sidan boka er dedikert til arven etter Hallfrid Christiansen, burde det kanskje gått tydelegare fram av dei enkelte artiklane kva som er frå henne, og kva som er henta frå andre. Til dømes har ikkje Christiansen opplysningar om ordet *agnkipe* i det heile, så denne artikkelen må byggje på andre kjelder (truleg mellom anna Hveding (1968)). Bruksdømet i denne artikkelen høyrer forresten til under usamansett *kipe*. Men her kjem naturlegvis plassomsyn sterkt inn. Artikkelen *arl n* 'uro, stadig og slitsom aktivitet' byggjer sannsynlegvis på Hveding (1968), han er oppgjeven som einaste kjelde her. Men Hveding sin eigen definisjon er 'uro, stendig rørsle, ofte under ståk', så denne er omarbeidd. Heimfesting til Trondenes er lagd til, medan Astafjord og Senja, som også finst i arkivet til *Norsk Ordbok*, ikkje er med. «Ofoten» hos Hveding har her vorte til «Lofoten». Bruksdømet hos Hveding, som er godt og illustrerande, er ikkje teke med. Christiansen har ikkje opplysningar om dette ordet i det heile. Såleis finst det ting å pirke på når ein går inn i detaljane. Kjeldeføringa ser ut til å vera berre delvis

gjennomført, og om det er eit system i det, er det ikkje gjort klårt greie for.

Det er elles ein lei ombrekingsfeil under bokstaven *a*, truleg på grunn av problem med å skilje *akter-* og *atter-* i samansetning. På s. 33 kjem *akterrom* inn etter *atterlot*. Etter uttalen burde normeringa truleg vore *atterrom*, og da er dette på rett plass. Men så kjem heile bolken frå og med *akterskot* til og med *atterlot* på nytt. Denne bolken står altså både på s. 25–33 og på s. 33–42. På s. 42 er det elles alfabetiseringsfeil, med rekkjefølgja *atti*, *attfor*, *att-hål* og *attersigle*. Vidare er det to artiklar *all*, der den eine kjem før *ald-*. Det er delvis overlapping i tyding, og dei to artiklane burde vore samkøyrte, i tillegg til å stå på same alfabetiske plass.

Oppslagsformene verkar jamt over rette og rimelege og ser som nemnt ut til å vera i tråd med reglane for standardnynorsk. Enkelte kan sjølvsagt diskuteras, men da er det ved fleire høve Christiansen si eiga normering som er brukt. Det er tilfellet med til dømes *dabbedant* ‘tullball, uvesentleg person’, som eg ikkje skjønar skal ha denne oppslagsforma ut frå uttalen «dobbedant». Om ein først skulle avvike frå uttaleforma her, ville *dubbedant* vore meir naturleg. Eit anna døme er *bol* (med kakuminal *l*) ‘svull’, som neppe skal førast til *bolde*. Men også det er Christiansens oppslag. *Forbjælla* ‘overraska, forvirra; skremt’ er derimot eit merkeleg val av oppslagsform. Uttalen er med *a* og ustemt palatal *l*, og både Christiansen og *Norsk Ordbok* normerer til *forbjatla*. *Hogsken* burde hatt oppslagsform *hosken*, som Christiansen og *Norsk Ordbok*. *Gnallande* (forsterkande adverb) er for hardhendt normering av *gnalla* («gnalla hard») og bryt med Christiansens eiga normering. Avleiingar på *-an* er vanskelege å halde frå presens partisipp på *-ande*. Likevel må ein stusse på den ulike behandlinga av oppslaga *drikkande* ‘drikkegilde’ og *flødan* ‘stigande sjø’.

Tilvisingar må sjølvsagt avgrensast på grunn av formatet. Men det kunne og burde vore noko fleire enn det er no. Til dømes burde ein kanskje vurdert å ha ei tilvising frå uttaleforma «dekedan»

til den elles korrekte oppslagsforma *dykdalb* ‘påle i hamn’. Under artikkelen *gueridon* ‘trestativ til å sette lys eller tranlampe på’ burde det vore opplyst om uttaleforma «kjerridon». Kanskje dette heller burde vore oppslagsforma, med etymologisk opplysning om fransk *gueridon*. Dette ordet er elles belagt frå mange fleire stader i Nord-Noreg enn Nord-Rana, slik det er oppgjeve. Som vi har sett, finst det nyttige tilvisingar mellom (nær)synonym. Det kunne godt vore fleire, til dømes mellom *garmsnur* og *varplund* (begge: ‘det å la røkken gå mot høgre’).

6. Samla vurdering og konklusjon

Dei kritiske merknadene ovanfor må ikkje få skyggje for det faktum at vi har for oss eit stort og verdifullt produkt, og ein milestolpe i nordnorsk leksikografi. I eit så stort arbeid gjort av ein einskild person vil det alltid finnast ting å peike på. Generelt må ein seie at Orvik gjennomfører konsekvent og nøyaktig den systematikken han sjølv legg opp til, noko som viser at han er meir enn ein vanleg amatørleksikograf.

Sjølvsagt kan ein også halde fram at tilfanget finst i *Norsk Ordbok*, sjølv om det i mindre grad er komme med i strekket *a–h*, og mindre dess tidlegare i alfabetet ein er. Dette har likevel ein lett for å «drukne» i den store samanhengen. I *Nordnorsk ordbok* blir både det typiske og det meir spesifikt nordnorske ordforrådet løfta fram og gjort tilgjengeleg på ein grei og folkeleg måte. Dei litterære sitata gjev liv til framstillinga. Tidsmessig kan ordmaterialet grovt sett plasserast i det tradisjonelle bonde- og fiskarsamfunnet inn mot overgangen til industrisamfunnet. Samlinga avspeglar eit sjølvbergingssamfunn «prega av fiske og mykje vær og vind», slik Orvik blir sitert i det nemnde intervjuet i avisa *Norsk Tidend*. Uttrykk for dette er interessante godbitar som *bubbelurvad* ‘tønneband med not for å fange sjøsniglar som skal brukast til agn’ og

fiskehentardag ‘dagen/dagane då tørrfisken blei tatt ned frå hjell og selt’. For vêt, vind og straum er ordforrådet spesielt velutvikla, med presise nemningar som *dumlebåre* ‘bølge utan spesiell retning i ly av ein odde’ og *ffjodræs* ‘skarp landvind, oftast frå aust, som blæs ut fjordane’. La oss avslutte med det eineståande og herlege *frygde-snelle* ‘fuglen lauvsongar’ frå Sømna. Det er ei frygd å bla i denne boka, og grunn til å takke Ove Arild Orvik for å ha fått fram i lyset dette tilfanget, som er ei skattkiste både for folk frå Nord-Noreg og for andre.

Litteratur

Ordbøker, korpus og digitale ressursar

- Dalen, Arnold & Tor Erik Jenstad (1997): *Trønderordboka*. Trondheim: Tapir Forlag.
- Dalen, Arnold & Tor Erik Jenstad (2002): *Trønderordboka*. 2. utgåve. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Ellingsve, Eli J. (2012): *1000 ord i nord*. Stonglandseidet: Nordkallottforlaget.
- Hveding, Johan (1968): *Håløygsk ordsamling*. Bodø: Nordland Boktrykkeri AS.
- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* (1966–2016). Oslo: Det Norske Samlaget. <no2014.uib.no/perl/ordbok/no2014.cgi> (april 2024).
- Orvik, Ove Arild (1989a): *Frænsk ordbok*. Elnesvågen. Eiga utgjeving.
- Orvik, Ove Arild (1989b): *Midsundsk ordbok*. Elnesvågen. Eiga utgjeving.
- Orvik, Ove Arild (1997): *Vesterålsk ordbok*. Sortland: Målmann Forlag.
- Orvik, Ove Arild (2003): *Ord og dialekt i Vesterålen*. Sortland: Målmann Forlag.

- Orvik, Ove Arild (2006): *Ta va føle! Ord og uttrykk frå Romsdal*. Målmann Forlag.
- Orvik, Ove Arild (2017): *Kystspråk. Ord og uttrykk om hav, båt og fisk i Vesterålen, Romsdal og Aust-Island*. Eiga utgjeving.
- Schytte, Erik Gerhard (1807): *Nogle faa rare norske Ord, efter den Dialekt, som i Lofoten's Fogderi i Nordlandene er brugelig*. Det Skandinaviske Litteraturselskabs skrifter 3. Særprent av *Håløygminne*. Svorkmo prenteverk, Svorkmo 1940.
- UiB samlingar = Universitetet i Bergens samlingsdatabasar. <usd.uib.no/perl/search/search.cgi> (mars 2024).
- Vidsteen, Chr. (1900): *Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland*. Bergen: John Griegs Bogtrykkeri.

Annan litteratur

- Christiansen, Hallfrid (1933): *Gimsøymålet. Fonologi og orddannelse*. Oslo: Det Norske Videnskabs-Akademi.
- Christiansen, Hallfrid (1946–48): *Norske dialekter*. Oslo: Tanum.
- Karlsen, Knut E. (1997): *Hallfrid Christiansen: Nordnorsk språkforskar mellom to tradisjonar. Ei faghistorisk utgreiing med vekt på "Gimsøy-målet"*. Hovudoppgåve. Universitetet i Tromsø.
- Karlsen, Knut E. (2011): Hallfrid Christiansen – språkforskaren frå Lofoten. I: *Lokalhistorisk magasin* 2/2011. Trondheim. 4–7.
- Knudsen, Vemund N. (2024): 7000 nordnorske ord. I: *Norsk Tidend* 1/2024.

Tor Erik Jenstad
Forskar, dr.art.
Universitetet i Bergen, Språksamlingane
Antonie Løchens v 6
NO-7020 Trondheim
tor.jenstad@uib.no